

Bømlo Turlag

Oversikt og omtale av prosjekt i søknad.



Prosjekt nr. 1.

Roaldsfjord (Slettevik) - Sætre



Denne turen går gjennom både lyngmark, myrar, hei, lett terreng og bratte vegar og tar om lag 25 minutt, og er ca 2 km. Stien tek av like sørrom Løvegapet på riksveg 514. Det er tillaga

parkeringsplass. Ta med støvlar!

Stien går først ned til sjøen, Slettevika, og vidare oppover eit høgdedrag og ned ein bratt skråning til Sætre. Dette partiet er tynt merka. Fram til Sætrehilleren er stien merka. Det er fine badeplassar både i Slettevika, Roaldsfjorden og i Sætrevika, sjølv om det rek mykje boss inn i Roaldsfjorden kvart år.

Hugs å ha hunden i band, då det går sauer på beite.

Sætrehilleren ligg omlag 50 meter frå stranda på sørsida av Skjeljavikjo. Under hilleren vart det i 1932 gjort arkeologiske utgravingar. Det synte seg at det hadde budd folk under hilleren i lange tider, frå steinalderen heilt til folkevandringstida (5-600 år e.Kr). Dei fann bålrestar og avfall frå buplassen, skjeljer og sniglehus, og bein frå fisk, fugl og dyr. Heilt inne ved fjellet låg anglar av bein frå steinalderen. Øvst vart det funne fleire saker frå jernalderen, blant anna ein kam av bein med runeskrifta: Hill deg mø blant møer, vern (lykke) for nana. Sætrehilleren har vore ein fiske- og fangstplass, der ein på førsommaren har jakta og sank vinterfornåd, og ført heim til gardane ved Eidesvåg og Langevåg.

Startkoordinat: 59° 37,25' N - 05° 11,74' Ø.

<https://www.ut.no/tur/2.9541/>

Kjelde: Bømlo Tur- og Sogelag

Skilttype: 1 stk startskilt
Skilttype 2 stk pil og piktogram

Løypa er merka og vedlikeholdt av Bømlo Tur og sogelag.

Prosjekt 5.

Oldereidet – Finnåsvatnet rundt – Stemneplassen ved Åreid – Oldereidet. (Rundtur)



Turen startar ved Stemneplassen i Åreiddalen. Stien går på sørsida av Finnåsvatnet. Forbi Dromsdalen, og langs Mørkesida, til skogsvegen mellom Holmedalsvatnet og Åstjørna . Midtvegs er det mogleg å gå over Laksakaret til Sølvrusta, og vidare mot Baståsen eller Oldereid. Her er stiskille. Vidare går stien sør for Sølvrusteklubben og til stiskille ved Sølvrustebekken og tilbake til Oldereidet og stemneplassen i Areiddalen. Hovudløypa er godt merka, og vegen er fin å gå.

Startkoordinat: Åreid: 59° 45,18' N - 05° 16,24' Ø.

<https://www.ut.no/tur/2.9540/>

Skilttype : 2 stk startskilt
Skilttype : 2 stk A3 infotavle
Skiltype: 5 stk pil og piktogram

Løypa er godt merka og vedlikeholdt av OK klubben Bømlo og Finnås Gardslag. Den er oppgradert til rundløype rundt Finnåsvatnet. Bømlo Turlag vil gå inn i rollen til OK klubben Bømlo i dette prosjektet.



Prosjekt 7. **Baståsløypa**

Denne løypa blir også kalla John's Track. Løypa er ei ringløype som går frå parkeringsplassen i Folderøydalen, opp til Baståsen, nesten til Sætre og tilbake til Folderøy og følgjer hovudvegen tilbake til Folderøydalen. Løypa går delvis langs gamle gongstiar, men og langs nyare traktorvegar. Du kan starte frå saga i Mækjebakken, ved Ekornsætre, Sætre, Foldrøy eller Oldereid. Det vart lenge bygd robåtar i Baståsen, og desse vart

dregne med hest til sjøen ved Mækjebakken. Det blei og sagt at kona på plassen gjekk frå Baståsen til Åreiddalen med mat til husbonden kvar dag då han arbeidde på saga der. Løypa er godt merka og vedlikeholdt av "Gutta på tur".

Ein veit ikkje sikkert når Baståsen blei rydda, men truleg har det vore ein gard her alt i mellomalderen som seinare er blitt lagt øyde. På 1800-talet var det ein husmannsplass under garden Sætre, men frå 1868 blei det fråskild som eige bruk. Baståsen blei fråflytta som buplass rundt 1915. På det meste fødte bruket 1 hest, 5 kyr, 15 sauer og ein gris. Namnet Baståsen tyder på at det har vakse lind på denne staden. Det var nemleg fibrane av lindetreet som blei nytta til å fletta bastetog av.

Baståsen blei tidlegare mykje nytta som stemnestad både av indremisjonen og fråhaldslag - og det har jamvel vore spela friluftsteater der. Sist på 40- og først på 50-talet var Baståsen ein fast møtestad for ungdommane i sommarhalvåret. Her blei det både sparka løkkefotball og drive med friidrett. Som mange andre slike idyllar er det blitt øydelagt og totalt forandra av granplanting. På toppen av åsen har "Gutta på tur" laga til ein rasteplass som blir mykje nytta av folk i området. Kjelde: "Gutta på Tur".

Det pågår for tida vegarbeid i marka i samband med Bømløpakken. Ein del av løypa må leggjast om og merkast på nytt pga dette.

Startkoordinat: Mækjebakken: 59° 47,51' N - 05° 16,41' Ø,

Ekornsætre: 59° 47,53' N - 05° 15,81' Ø.

<https://www.ut.no/tur/2.9508/>

Skiltype : 3 stk startskilt
Skiltype : 3 stk A3 infotavle
Skiltype: 7 stk pil og piktogram